



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 29.09.2015

Sak nr.: 15/8084-3

Internt l.nr.: 42909/15

Sak: 29/15

Tittel: Budsjett 2016 / Økonomiplan 2016-2019 Samferdsle

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1 Hovudutvalet for samferdsle rår til ei slik prioritering mellom programområda (i mill. kr)

Programområde	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	435,733	485,074	509,994	496,396
730 Bilruter	252,468	227,335	220,963	219,296
731 Fylkesvegferjer	113,692	128,594	124,869	133,790
732 Båtruter	105,790	104,614	100,202	98,045
733 Tilrettelagd transport	10,161	10,847	10,847	10,847
Sum	917,845	956,465	966,875	958,375

2 Hovudutval for samferdsle rår til ei prioritering på tenestenivå for 2016 i tråd med saksutgreiinga.

3 Hovudutval for samferdsle rår til å løyve 0,675 mill. kr på teneste 4606 Diverse tilskott med følgjande fordeling:

- a) 0,525 mill. kr i tilskott til Fjellvegen mellom Årdal og Luster
- b) 0,150 mill. kr til prosjektet sykkelby i Førde

4 Hovudutval for samferdsle set av inntil 2 mill. kr av løyvinga til vedlikehaldstiltak på fylkesvegnettet til eit spleiselag for utbetring av fv. 616 Kalvåg-Klubben. Det vert føresett at kommunen og næringslivet kvar stiller med tilsvarande løyvingar.

5 Hovudutval for samferdsle legg førebels til grunn ei fordeling av investeringsprogrammet for fylkesvegar slik det går fram i pkt. 3 i saksutgreiinga.